

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 13.08.20

Stad: Fjordsenteret

Sak 20/33

Søknad frå Jan Eira om å få fiska med garn som utanbygds i Nyhellervatnet.

Saksopplysning:

I vatna som er påverka av Aurlandsutbygginga er det fleire og fleire som har for mykje fisk. Ein del tiltak er gjort, i vatn som Vesterdalsvatnet, Katlavatnet dreiv ein utfisking for ein del år tilbake. Spesielt fisken i Vesterdalsvatnet er byrja bli finare. No ser me att Nyhellervatnet er inne i ein dårleg sirkel. Færre og færre som fiskar med garn gjer att gjennomsnittstørrelsen på fisken har vorte mindre.

På oppfordring frå underteikna har Jan Eira sendt inn ein søknad om å få fiska med garn i Nyhellermagasinet. Søkjar driv Eira vilt & fisk og ynskjer selge fisken i eigen butikk.

Saksutgreiing:

Det byrjar bli mykje fisk i Nyhellermagasinet. Gjennomsnittstørrelsen på fisken går sakte nedover og dei registrerte fangstane er berre på ein brøkdel av kva dei var for få år sidan. Rekordåret var 2012 då blei det teke opp 2706 fiskar med ei samla vekt på 1194 kg. berre på Aurland statsallmenning. I 2019 vart det teke opp 48 kg. fordelt på 134 fiskar i same området. Utsettingspålegget er på 15000 stk sommargamal yngel, men dei siste åra har me ikkje sett ut så mykje. På sikt kan ein redusera utsettingsmengda, det vil hjelpa på fordi det er lite naturleg forynging i Nyhelleren. Men me har ikkje forutsett den store nedgangen i tal garnnetter, derfor er det mykje fisk no som må ut for att den fisken som er igjen skal bli større. I 5-års perioden frå 2008-2012 var gjennomsnittleg antal garnnetter på 864 pr. år. I 2018 vart det registrert 193 garnnetter og i 2019 kun 69. Når gjennomsnittstørrelsen på fisken går ned, er det og noko som gjer att færre fiskar. Det er viktig å ikkje sleppa dette for langt og gjera tiltak i rett tid.

Aurland fjellstyre har laga «Fiskereglar for Aurland statsallmenning». I § 11 står det «Utan omsyn til bestemmelsar om moskevidd, garntal mv. ovanfor, kan fjellstyret setja i verk tiltak for å tynna ut fiskebestanden i vatn der det viser seg å vera naudsynt.» Det er denne moglegheita me kan nytta no, utan å forandra fiskereglane.

Til vinteren når ein får betre tid bør fjellstyret ha ein gjennomgang av alt innan fiske og fiskekultivering

Forslag til vedtak:

Aurland fjellstyre ser trongen om å auke uttaket av fisk i Nyhellervatnet, og gjev Eira vilt & fisk løyve til å driva utfisking sesongen 2020. Fisket skal føregå etter dei fiskereglane som Aurland fjellstyre laga i april 2017.

Ved flytting av båtar, garn og utstyr må fiskelaget enten desinfisera eller tørka det godt før ein byrjar fiske i Nyhellervatnet.

Fjordsenteret 11.august 2020

Håkon Øydvin
Fjelloppsyn Aurland fjellstyre

Vedlegg:

-Søknad frå Jan Eira

-Fangststatistikk Nyhellervatnet 2005-2019

-Fiskereglar Aurland statsallmenning

Søknad frå Jan Eira:

Fiskekort.

Etter å ha snakka med Håkon Øydvin om fiske,så forstod jeg at det var nødvendig med litt tynning fiske i Nyhellervann.

Jeg og tre kamerater kunne tenke oss som utenbygds å hjelpe til med det. Jeg har fiska i Vesterdalsvann nå i to år, og det ser ut til at det allerede har begynt å gi resultat. Vi vill selvfølgelig etter sende rapport om antall fisk,kg og merka fisk. Vi har båt og alt utstyr som skal til for å fiske selv.

Håper på et posestift svar, da vi er glad i å fiske.

Mvh.

Jan Eira

Tele: 99157077

Fangststatistikk Nyhellervatnet 2005-2019

År	Garnnetter	Antal fisk	Kg. fisk	Gjennomsnittsvekt
2005	424	512	243	0,47
2006	393	782	392	0,5
2007	340	1157	480	0,41
2008	802	1667	784	0,47
2009	820	2347	1076	0,45
2010	714	1921	918	0,47
2011	1053	2250	1005	0,44
2012	931	2706	1194	0,44
2013	641	946	376	0,39
2014	472	790	300	0,37
2015	293	728	263	0,36
2016	650	1151	438	0,38
2017	484	856	275	0,32
2018	193	410	148	0,36
2019	69	134	48	0,35

FISKEREGLAR FOR AURLAND STATSALLMENNING

1. Alle over 16 år må ha gyldig fiskekort.
Born under 16 år fiskar fritt med sportsfiskereiskap.
2. Utanbygdsbuande får kjøpt kort for stong- og oterfiske i alle vatn. Innanbygdsbuande kan i tillegg få kjøpt sesongkort for garnfiske. § 9 og §10 nedanfor opnar for eit avgrensa garnfiske for utanbygdsbuande i nokre vatn.
3. Stong- og oterfiske er lovleg i alle vatn i statsallmenningen.
4. Det er ingen restriksjonar på kva moskevidder som kan nyttast. Garnlengd inntil 25 m.
5. Landfestet eller garnblåsa skal vera merkt med namnet til fiskaren.
6. I alle vatn i allmenningen som er opna for garnfiske kan det fiskast med inntil 5 garn per kort.

I følgjande vatn er det forbod mot garnfiske:
Vatna i Brubotn, vatnet ovanfor terskelen i Stemmerdalen
7. Ein og same fiskar kan kjøpa kort for inntil 5 garn. Det vert likevel opna for fiskelag med inntil 4 deltakarar, der ikkje alle treng vera aktivt med under fisket. T.d. kan ein deltakar i laget fiska med laget sin samla garnkvote.

Følgjande vilkår gjeld for fiskelag:

- laget må ha med seg godkjenningsskriv for fiskelag, utskrive av fjellstyret
- laget må kunna førevisa garnkort for så mange garn som det vert fiska med

8. Garnfiskarar skal levera fangstrapport til fjellstyret når sesongen er slutt.
9. Særskilte reglar for fiske i Storebotn, Aurland nordre statsallmenning:
I alle vatna i Storebotnvassdraget kan ein på sportsfiskekortet fiska med eit uavgrensa tal garn (21-26 mm vert tilrådd). I desse vatna er det opna for garnfiske for utanbygdsbuande.
10. Utanbygdsbuande kan få kjøpt kort for garnfiske i følgjande vatn: Vetlebotnvatnet, Vestredalsmagasinet og Katlamagasinet. Fjellstyret vil krevja at utanbygds garnfiskarar nyttar fjellstyret sine garn i desse vatna, for å unngå spreining av sjukdomssmitte eller framande organismar.
11. Utan omsyn til bestemmelsane om moskevidder, garntal m.v. ovanfor, kan fjellstyret setja i verk tiltak for å tynna ut fiskebestanden i vatn der dette viser seg å vera naudsynt.

Fiskereglane vart sist reviderte av fjellstyret i april 2017.